

Fra: Jon Askeland (Jon.Askeland@uib.no)

Sendt: 28.10.2016 14:03:56

Til: Kultur- og idrettsavdelinga - Postmottak

Kopi:

Emne: FW: Hognestad-seminar laurdag 5. november

Vedlegg: OmslagHognestadbiografi.pdf

Hordaland fylkeskommune

Kultur og idrettsavdelinga

Gjeld: Søknad om arrangementsstøtte til seminar i høve av 150-årsminnet for bjørgvinbispen Peter Hognestad
Søknad dagsett 5.7. 2016

På vegner av dei to sokjarlaga, Bergen mållag og Vestmannalaget, vil eg med dette minna om søknaden vår av 5. juli.

Seminaret vert halde 5. november på litteraturhuset, jfr <http://www.litthusbergen.no/program/2016/11/eitt-steg-er-nok-aat-meg/> og programmet har vorte større enn først kunngjort når det gjeld omfanget av del 2 om nynorsk bibelspråk. I tillegg kjem Vestmannalaget til å ha ei minnemarkering på sjølve 150-årsdagen, 12. november, ved gravmonumentet på Solheim kyrkjegard.

Peter Hognestad var ein viktig kulturberar i si samtid, som biskop, salmediktar/salmeomsetjar og fornyar av norsk kyrkjemål. Han var også med på å knyta tettare band mellom by og land, særleg i Hordaland, men også i heile bispedømet - og han gjorde ein stor innsats som organisasjonsmann.

Attåt eit mindre tilskot frå UiB (10.000) har me berre fått lovnad om midlar frå våre eigne idealistiske organisasjonar til dette arrangementet. Revidert budsjett er no på ca kr 65.000,-. Me vonar difor Hordaland fylke kan yta eit tilskot, slik at ikkje dei store kostnadane medfører at me må kutta ut andre planlagde tiltak i tida som kjem.

Venleg helsing

Jon Askeland

Formann i

Vestmannalaget

Tel 99517826

Hovudpostane i seminarprogrammet er:

Kl. 15.00-16.00: Fyrsteamanuensis (tidl. Høgskulerektor) Per Halse fortel om den nye Hognestad-biografien.

Kl. 16.00-17.00: Om bibelspråk - panel der desse vert med: forfattar Hanne Ørstavik, professor Sylfest Lomheim, redaktør Helge Simonnes og biskop Halvor Nordhaug.

Kl. 17.00-18.00: Professor Terje Aarset kåserer om Hognestad og songen - medverkande: Sandviken kantori.

Vedlegg: Omslag Hognestad-biografi (Utgjevingsdato medio november)